

# Toårsmelding 2010 - 2011

HimalPartner  
et redskap for Herrens kjærlighet

HimalPartners Landsmøte  
i Ålesund 29. og 30. juni 2012

Foto: Marc Foggin, Plateau Perspective



HimalPartner

## **HimalPartners formålsparagraf**

Gjennom ord og tjeneste, å bringe evangeliet til tibetanere, nepalere og andre folk i landene rundt Himalaya.

## **Et redskap for Herrens kjærlighet.**

HimalPartner ønsker å være et redskap for Herrens kjærlighet ved å bidra til lokal utvikling og hensiktsmessig styrking av det kristne samfunnet i Himalaya-området.

## **HimalPartner vil være:**

NÆR – ha nærhet til Gud, nært kjennskap til den kulturelle sammenhengen vi arbeider i (Himalaya-området), og nær oppfølging av medlemmer, givere og frivillige i Norge.

NYSKAPENDE – møte behov for satsing på nye områder og informere om dette.

RESPEKTFULL – vise respekt for andre, uavhengig av tro, overbevisning og stilling i samfunnet.

KVALITETSBEVISST – sørge for faglig, utviklingsmessig og organisatorisk kvalitet basert på høy integritet.

NØKTERN – vise nøkternhet i all forvaltning, uten derved å overutnytte våre lønnede og frivillige medarbeidere.

## **Nytt navn, samme formål**

I 2010 ble Tibetmisjonen til HimalPartner. Landsmøtet vedtok en strategi (2010 – 2014) med klart formulerte mål og verdier og der formålet er og forblir det samme. Vi vil være redskap for Herrens kjærlighet i Himalaya-regionen med et kall om å bringe evangeliet til tibetanere og nepalere i Himalayaområdet gjennom ord og tjeneste. “Ord – og tjeneste”, - denne doble kallslinja har også i denne perioden hatt klart fokus.

Vi har opplevd overgangen til nytt navn som ganske smertefritt. Landsstyret gav organisasjonen fem år for at navnet skulle være innarbeidet. Vi er stolte over det nye navnet. Samtidig ser vi at vi må jobbe målrettet for å utnytte mulighetene det nye navnet gir for å skape nysgjerrighet rundt misjon i en ny tid.

Strategien som Landsmøtet vedtok, gav oss de store linjene. Vi har i perioden jobbet for å gi det innhold, både målrettet og strukturelt; hva er mental helse, hva er næringsutvikling og ikke minst hva er misjon? Vi har brukt tid og krefter på å gi reelt innhold til verdiene våre; som “nøktern” og “nyskapende”. Vi ser at nøkternhet er viktig, og lurer på hvordan dette skal komme til uttrykk i en ny tid. Vi ønsker å ta arven videre, inkludert identiteten til en snart 75-årig historie i tjeneste for Gud i Himalaya.

## **Bemanning og arbeid i Nepal og Kina**

I Norge vil de siste to årene huskes for store endringer, men også for sterkt samhold i administrasjonen i Oslo. I tillegg til naturlige endringer i staben, opplevde vi å miste to nære medarbeidere; Thore Saksbergs, vår administrasjonsleder og tidligere styreleder Oddvar Lund. Det var vondt og krevende, men vi opplevde også sterk støtte.

I Nepal har utsendingene og prosjektene vi har støttet, vært mer stabile. Historier og evalueringer viser at vi kan være stolte over våre lokale samarbeidspartnere og av rollen våre utsendinger har spilt. Arbeidet i Kina har kanskje vært det mest utfordrende, - med jordskjelv i 2010, politisk innstramning i løpet av 2011 og uten utsendinger i landet store deler av perioden. Men det er også her vi får oppleve et virkelig mirakel, - med registrering av kontor i Lhasa. Nå kan vi sende folk dit for å etablere en bedrift som skal gi befolkningen i Lhasa bedre isolerte hus.

## **Strategier, fagutvikling og strukturer**

Verden forandrer seg. HimalPartner samarbeider ikke lenger bare via UMN i Nepal og FOC i Kina.

Elektroniske hjelpemidler gir mulighet til økt kommunikasjon og jevnlige "Skype"-samtaler mellom administrasjonen hjemme og direktørene ute. Ved det får vi utnyttet ressurser og faglighet på tvers av geografiske grenser på nye måter. Det har betydd noe økt involvering fra norsk side, men grunnholdningen er som før, at den virkelige kunnskapen ligger lokalt og nasjonalt. Strategien fra 2010 la de store linjene og vi har brukt tiden til å konkretisere hvordan HimalPartner skal arbeide innen hvert område i strategien. Her har vi fått god hjelp av frivillige ressurspersoner i nye og gamle utvalg.

*Vi har i perioden fulgt opp satsningsområdene fra strategien på følgende måter;*

**a. Helse, med vekt på mental helse**

Vi har prosjekt og utsendinger knyttet til helsesektoren i vid forstand. Faggruppa for mental helse ble etablert i 2010 og har aktivt jobbet med å innhente dokumentasjon om mental helse globalt. De har, sammen med administrasjonen, utviklet en søknad for fagutvikling til Digni (tidl. Bistandsnemda). Faggruppa planla og arrangerte en stor strategisk konferanse i Norge i mars 2012 med besøk fra WHO, India og Nepal. Dette ble en stor suksess med større ringvirkninger enn vi hadde drømt om.

**b. Næringsutvikling**

Et interimt næringsutvalg ble etablert i 2011 bestående av personer fra Stiftelsen Hjelp til Selvhjelp Nepal og HimalPartner med formål å vurdere hvordan vi i fellesskap bør følge opp arven innen næringsutvikling. Utvalget fremmet en strategi for næringsutvikling som ble vedtatt av Landsstyret i november 2011. Det er nå økt reelt samarbeid mellom Stiftelsen Hjelp til Selvhjelp og HimalPartner omkring konkrete prosjekt. Landsstyret har anbefalt at Stiftelsen gjøres om til et aksjeselskap. Dette arbeides det med i 2012.

**c. Opplæring**

I Nepal har HimalPartner opplærings samarbeid på mange plan. Det gjelder opplæring av førskolelærere (ECEC), lærere (KISC) og på universitetsnivå gjennom Kathmandu University. På forskjellige måter har alle tre utdanningsinstitusjoner hatt fokus på kontekstuell opplæring. HimalPartner var medarrangør da Høyskolen i Oslo og Helen Eikeland holdt et seminar med samme tema.

**d. Miljø**

I Kina har vi to prosjekt med fokus på miljø. Det ene er gjennom Plateau Perspectives som i fem år har drevet et prosjekt for å bevare det biologiske mangfoldet på Tibet-platået. September 2011 hadde vi besøk av Plateau Perspectives på studiebesøk i Norge. Det andre miljøprosjektet er etablering av et firma for energiøkonomiserende byggeteknikk. Miljøaspektet bør i større grad bli en uttalt dimensjon i alle våre prosjekt. NMS har nå et fagutviklingsprosjekt, sammen med Digni, som ser på de teologiske aspektene ved miljøbevissthet. Vi følger interessert med på det.

**e. Misjon**

De siste to årene har vært svært viktige for misjon i verden som helhet. Vi feiret 100 års jubileum for "Edinburgh 1910". På disse 100 årene er Kirken i Sør blitt sterk og selvstendig. Misjon er ikke lenger en bevegelse fra Nord til Sør. Gjennom store markeringer i Edinburgh, i Cape Town (Lausanne) og også her i Norge var det drøftinger og fokus på misjon når rammene er såpass endret. Kristne grupperinger har kommet nærmere hverandre i et fokus rundt "Guds misjon". Man har diskutert og formulert dokumenter som løfter opp sammenheng mellom ord og handling, mellom diakoni og misjon og som tar religionsdialog på alvor. Og parallelt med dette gikk vår daværende utviklingsminister fra SV, Erik Solheim, på initiativ av Digni leder, Jørn Lemvik, ut i media og sa at Gud måtte mer på banen i bistandsarbeidet.

HimalPartners misjonsforståelse er og har alltid vært preget av et ønske om å få være ydmyke redskap som formidler og hjelper på Guds vegne. Og vi tror at vi gjennom det får lov til å bety noe både i samfunnet og i Guds rike. Dette har vi fått oppleve i denne to-årsperioden også.

**f. Strukturer**

For å få god fokus på innholdet, er det vesentlig å ha gode strukturer og systemer på plass. Ett av hovedfokusene i denne perioden har vært på utvikling av mer hensiktsmessige systemer og

strukturer. Vi har arbeidet med å skape større grad av enhet og samarbeidet mellom de ulike delene av arbeidet, - i Norge, Kina og Nepal. Sammen med de respektive utvalgene og konsulentene har vi utviklet strategi for innsamling og for fagområdene mental helse og næringsutvikling. Vi har revidert Retningslinjene for Prosjektstyring og revidert regnskapsstrukturene. Sist er det Personelhåndbok og langtidsbudsjettering som er i prosess.

***g. Økonomi***

Alle utskiftingene har i forhold til egentlige planer i noen grad sinket gjennomføringen av den nye innsamlingsstrategien, men den er nå i god gjenge og vil, om alt lykkes, gi en stabil og god inntektsside. Forutsetningen er at dette er noe organisasjonen opplever at man står sammen om. Etter mange år med driftsunderskudd i regnskapet, ble det ved inngangen av perioden satt et ambisiøst mål om å komme i budsjettmessig balanse i løpet av 2012. At det målet ble nådd allerede i 2011, skyldes dels en målbevisst innsats, men ikke minst det faktum at flere av våre utsendinger måtte avkorte tjenestetiden ute av ulike årsaker.

## To år med HimalPartner – hva med misjon?

Når vi samles til landsmøte i Ålesund, er det for første gang som HimalPartner. Da er det naturlig å spørre: Hvordan har det gått? Har mange vendt oss ryggen på grunn av et fremmed navn som enkelte hevder er intetsigende. Har vi greid å fylle navnet med et innhold som forteller folk at vårt fremste mål er å formidle evangeliet til folket i Himalaya-regionen, hovedsakelig sammen med lokale aktører? Disse spørsmålene er det viktig at vi drøfter når vi møtes.

Personlig har jeg gjort den erfaring at i Norge stiller mange seg spørrende til navnet. Men nettopp det faktum har gitt meg mange anledninger til å fortelle om vårt arbeid og vårt ønske om å være en misjonsorganisasjon. I møte med våre partnere ute, har jeg opplevd bare positive reaksjoner. For de organisasjonene som ikke har sprunget ut av misjonens virksomhet, er det lettere å komme fram til et felles verdigrunnlag som også inkluderer våre kristne verdier.

Helt konkret er det viktig å spørre seg om hvordan vi har klart å formidle evangeliet i to-årsperioden. På de fleste områder kan vi nok si at arbeidet har vært slik det var i forrige periode, og i mange år før det. Men vi er stolte av å være engasjert i arbeidet med å bygge opp et sjelesorgsenter, et samarbeidsprosjekt mellom viktige deler av nepalikirken.

Ved inngangen til årets landsmøte skal ingen være i tvil om at vi fortsatt er en misjonsorganisasjon, som legger stor vekt på de kristne grunnverdiene og, ikke minst, ønsket om å formidle evangeliet til frelse for hver den som tror.

Våle, 20. mai 2012  
Jostein Holm (styreleder)

## Vi planter, Apollos vanner, men Gud gir vekst (1. Kor. 3.7)

Når jeg ser tilbake, ser jeg to spennende, men også krevende år. På Sommerstevnet i Stavanger i 2010 var tema "Én kropp". Vi har i perioden opplevd sårbarheten på kroppen. Nettopp da er det opplevelsen av støtte og samhold jeg personlig vil huske. Takk til alle som ba og husket på oss. Å jobbe sammen som én kropp vil være en av forutsetningene for at vi skal kunne fortsette å støtte viktig arbeid i Nepal og Kina. Vi er takknemlige for gode økonomiske resultater i perioden, men den mest krevende oppgaven har vært og vil fortsette å være å mobilisere et "Spleiselag" slik at vi får flere glade givere.

På Sommerstevnet 2011 i Oslo sammenlignet vi arbeidet vårt med et lite frø. Vi er stolte over alle de frø som er blitt sådd gjennom 75 år og som Gud har gitt vekst. Vi kan se noen viktige planter: arbeidsplasser, bedre helse, utdanning til mange, en levende kirke i Nepal, kristne i Kina! - Og mange, mange enkeltmennesker! Noen mennesker har fått det litt bedre og noen har funnet at troen på Jesus har forvandlet livene deres.

Også i denne toårsperioden har vi hatt glede av å se at frø som vi har pleiet med støtte og forbønn *spirer og vokser*: Bethesda sjelesorgsenter, Fred- og forsoningsarbeidet til UMN, Tansen sykehus, utdanning av lærere, førskolelærere og masterstudenter, Higher Ground, biologisk mangfold på det tibetanske platå, en tibetanske frivillig organisasjon i Kina og, ikke minst; et representasjonskontor i Lhasa!

Og så er det spennende å få lov til å være med å så frø og vente i spenning på å se om det som ble plantet kom i god jord. To av disse frøene kan være; satsning på mental helse og arbeidet knyttet til en mulig kraftutbygging i Tamakoshidalen.

I disse prosjektene får vi plante, andre vil være med å vanne, men bare Gud kan gi vekst.

Oslo, 20. mai 2012  
Heidi Westborg Steel (Generalsekretær)

Tibet/Kina:

## Menneske og miljø

### Innleiing

14. april 2010 opplevde befolkninga i Yushu, Qinghai, eit stort jordskjelv der all infrastruktur kollapsa. Over 1.100 menneske mista livet. Dette har sett sitt tydelege preg på arbeidet vårt sidan. Ikkje minst har arbeidet i Kina vore prega av mykje stramme politiske vilkår. Vi og våre samarbeidspartnarar lever i Kina med ei konstant redsle for at vilkåra for å arbeide her brått kan endra seg. Politisk stabilitet og kunnskap er viktige faktorar for kinesiske styresmakter. Gjennom å forstå dette, prøver vi stadig å lære kva som skal til så vi kan vere relevante for både styresmakter og befolkninga. I Lhasa har vi søkt om å få registrera og arbeida for å kunne etablere ei verksemd innan energisparande byggeteknikk.

Til slutt har vi i perioden hatt fokus på nettverksbygging mellom kristne organisasjonar og personar – både utanlandske og kinesiske. Vi har flytta fokuset frå CAF (Central Asian Fellowship) til FOC (Friends of China) og vil vurdera dette fortløpande.

### Situasjonen i landet - politisk og for kristne

Den generelle politiske situasjonen i Kina er eit stort og komplisert tema som ikkje let seg beskriva i få setningar. I stikkordsform kan vi nemna: framleis sterk økonomisk vekst, høg levestandard for mange, spesielt i aust og sør, sterk nasjonalistisk bevisstheit om aukande makt og innflytelse. Men der er også faresignal som inflasjon, rotne lån, bustadboble, demografisk ubalanse med minkande arbeidsstyrke og fleire eldre, lønsvekst og generell kostnadsvekst som går ut over konkurranseevne og gjev alvorleg forureining og energimangel. Positive endringar er at styresmaktene ser behovet for rein energi og det er meir merksemd rundt forureining og behov for å ta omsyn til miljøet. Sosial uro og demonstrasjonar mot maktmisbruk og korrupsjon, kontroll av media, fengsling av opposisjonelle, konflikt i Sør-Kinahavet, maktkamp internt i kommunistpartiet, kritisk vannmangel i enkelte område og flaum i andre, – alt dette problem som pregar bildet.

I dei tibetanske områda har det mest spesielle vore at mange, minst 35 personar, har sett seg sjølv i brann i denne perioden. Det er ein demonstrasjon og ein protest mot den maktesløyse og håpløyse dei opplever på grunn av aukande kontroll og overvaking, spesielt innan templa. Det tibetanske språket blir borte frå skulane, gruvedrift og store damanlegg skader miljøet. Avmakt og håpløyse blanda med sinne har bygt seg opp over lang tid. Tibetantarane sjølv er delte i synet på om denne forma for demonstrasjon er positiv og skaper merksemd som kan gjere tilhøva betre, - eller om det berre er negativt og øydeleggjande for alle.

Når det gjeld situasjonen blant dei kristne, er bildet også mangfaldig. Her tek vi berre med det som gjeld dei tibetanske områda. Kinesiske kristne som arbeider blant tibetantarar har blitt arrestert og avhøyr og sette fri igjen. Nokre har forlate området på grunn av dette, men ein del av desse har ein bakgrunn og ei erfaring som gjer at dei ser det som ei ære å lida for Kristus og tek det som ein anledning til å vitna om Han. Også enkelte tibetanske kristne har blitt kalt inn til avhøyr. Dette har skapt uro og gjort somme meir fryktsame, men det fører også til djupare alvor og meir avhengigheit av Gud. Det er gledeleg å høyra om nye kristne, om dei som veks i trua og om fellesskap og relasjonar som blir oppretta på tvers av etniske og geografiske barrierar. Stadig fleire kristne ressursar er tilgjengelege, og trufast innsats frå mange har ført til at langt fleire no kan bli kjent med den kristne trua i sitt eige nærmiljø. Ei åndeleg fornying blant arbeidarar, både nasjonale og utlendingar skaper meir tru og det skjer også under og teikn som understrekar vitnesbyrdet.

## **Bemanning**

I det meste av perioden har HimalPartner ikkje hatt utsendingar busett i Kina, men samarbeidt med andre: Plateau Perspectives og Kunpen i Qinghai, Phurbu og hans initiativ Path (Ein ny veg) i Tibet, og nettverksorgansiasjonane Central Asia Fellowship (CAF) og Friends of China (FOC), som representerer eit vidare arbeidsfelt. Reidun og Gunnar Dalseth har hatt base i Chiang Mai i Thailand, men har besøkt områda i Qinghai og Tibet jamleg. Gunnar har vore mest engasjert i Central Asia Fellowship sitt arbeid og i etableringa av eit representasjonskontor for Plateau Management Consulting i Lhasa, medan Reidun har hatt fokus på personleg oppfølging av tibetanske medarbeidarar og oppfølging av prosjekt. Ho har også representert HimalPartner i styret for FOC.

Rolf Erling og Erna Suhr har vore på permisjon i Norge og har saman med Reidun og Gunnar arbeidt for etablering av PMC i Lhasa. Jan Øyvind og Julie Olsen valde av familieårsaker å avslutte engasjementet noko før opprinneleg kontrakt var ferdig.

## **Jordskjelvet i Yushu**

To ting har sett sitt preg på arbeidet i prosjekta i Yushu, følgjene av jordskjelvet som ramma i april 2010 og evaluering av fellesprosjektet "Mennesker og Miljø". Plateau Perspective (PP) og Kunpen Vocational Training Center (KVTC) har ansvaret for kvar sin del av fellesprosjektet.

Begge organisasjonane involverte seg i naudhjelpsarbeid den første tida og seinare har PP, blant anna med finansiering frå HimalPartner og venner i Sverige, organisert rehabiliteringsarbeid. Det "vanlege arbeidet" blei vanskeleg på grunn av at infrastrukturen var øydelagt, kommunikasjon vanskeleg, og folk fekk naturleg nok andre prioriteringar. Styresmaktene la fram ein gjenoppbyggingsplan der dei slo fast at Yushu skulle verta ein "Ecotourism city". For å svara på den utfordringa som dette var, begynte begge organisasjonane å orientera seg mot økoturisme i langtidspanlegging av prosjekta.

## **Næringsutvikling og miljø**

### Økoturisme

Ein femårs prosjektperiode vart avslutta ved utgangen av 2011. Derfor blei det gjennomført ei evaluering sommaren 2011. Det var lagt opp til at det også skulle vera ein læringsprosess for dei som har vore involverte i prosjektet. Evalueringsrapporten inneheld mange oppmuntrande kommentarar om den positive påverkinga som prosjekta har hatt, spesielt på miljøside der PP har vore ansvarleg. KVTC tok over ansvaret frå Norserve midt i perioden og det har vore ein bratt læringskurve for denne lokale organisasjonen å forhalda seg til dei formelle krava som prosjektarbeid med finansiering frå Digni inneber. Men dei er villige til å læra og har arbeidd med å forbeta den administrative delen av arbeidet. Dei har lært av det som ikkje var vellukka innan opplæring og støtte til etablering av små "business"-initiativ.

Begge organisasjonane har fått innvilga pilotprosjekt for 2012, no som separate prosjekt. Begge prosjekta er knytte opp mot utvikling av økoturisme, PP har vekt på miljøaspektet, KVTC på opplæring. Begge organisasjonane vil også søkja om eit nytt femårsprosjekt.

### Grøn næringsutvikling

Plateau Management Consulting (PMC) er eit konsulentfirma registrert i Hong Kong, og blei oppretta i 2006 då det såg ut til at det dåverande prosjektet i Lhasa ville bli stoppa. Dette skjedde ikkje, men i staden blei det oppretta eit representasjonskontor i Xining som for ein kortare periode vart brukt til formidling av finansar og gav visum til medarbeidarar i Yushu. Styret er no redusert til to medlemmer for å gjera det lettare å utføre formalitetar, men ein avtale med HimalPartner gir organisasjonen full kontroll med selskapet. Etter ein lang prosess fekk selskapet, med verdifull hjelp av Phurbu Tsering i Lhasa, godkjent registrering av eit representasjonskontor i Lhasa i november 2011. Formålet er å gjera marknadsundersøkingar og utvikle eit forretningskonsept innan feltet "grøn energi" og/eller energi-effektivisering for oppvarming av hus. Dette er no eit meir prioritert

område frå styresmaktene si side og Lhasa har nyleg fått status som "Green City". Rolf-Erling Suhr er godkjent som lokal representant i Lhasa, og dette kan gje han og kona Erna arbeidsvisum og opphaldsløyve. Formalitetane har teke lang tid og vi håper arbeidet kan kome i gang i løpet av 2012.

## **Mental helse**

### Ein ny veg

Path (Ein ny veg) er eit føretak som lokal medarbeidar Phurbu Tsering tok initiativ til i 2010. Forsøk på å få Path registrert som lokal NGO har ikkje lukkast så langt. Men HimalPartner har likevel valt å støtta dette initiativet. Eit veveprosjekt for kvinner som ikkje har nokon til å forsørgja seg, blei og igangsett og organisert slik at prosjektet kan vera bærekraftig og sjølvfinansierande etter innkjøp av materiell etc. Så langt har prosjektet vore vellukka. Kvinnene har fått meir sjølvrespekt og har sett verdien av å hjelpa kvarande. Korleis det går framover, er avhengig av sal av produkta. Den årlege nyttårsmarknaden for Tingri fylke, ein viktig salsarena, har blitt avlyst to år på rad på grunn av frykt for politisk uro. Det er gjort avtale med ei forretning i nærområdet, men det er behov for marknadsføring og ideelt sett produkt utvikling.

Alkoholavhengighet er eit aukande problem i Tibet. Tilbodet av alkohol har auka og det er forventa at ein ikkje berre skal drikka litt, men mykje i mange samanhengar. Path har gjennomført ei spørjeundersøking og har mange samtalar med folk som held til i barar tre ulike stader i Tibet. Dei som arbeider der er oftast unge kvinner frå landsbygda som ikkje visste kva arbeidet innebar. Dei er no utsett for helseisiko fordi alkoholinntaket er høgt og prostitusjon utset dei for seksuelle sjukdomar. Livsstilen går og utover deira mentale helse. Dette året er målet å hjelpa 3-5 unge ut av denne livssituasjonen. Det er veldig lite kunnskap om korleis alkohol påverkar helsa, så det er og eit mål å produsera og distribuera kulturelt tilpassa informasjonsmateriell der tibetanske ordtak blir brukt i den haldningsskapande delen.



Nepal:

## Er med og bygger “Det nye Nepal”

### **Innleiing:**

Vi gjekk inn i perioden, stolte over fortida knytt til bøkene “Kraftverket” og “Mor til Tusen”. Vi har og fått anerkjenning for historia vi har vore del av. Ein Vårt Land-journalist besøkte arbeidet vårt i Nepal hausten 2010 og skreiv fleire artiklar, nokre av dei knytt til ein serie avisa hadde om religion og utvikling. Ho skreiv om “Fred og forsoning”, “Prosjekt lærerløft”, arbeidet i Tansen, intervju med kyrkjeleiaren Rokaya, kyrkjevekst og om sjelesorgarbeidet.

Det har vore tiårsjubileum for Khimti-anlegget, der Odd Hoftun og andre var inviterte, og det var opning av “Inge Johansen blokk” på Kathmandu University.

Hausten 2011 hadde Sigrun Møgedal med ei gruppe “vanlege folk” og journalistar til Nepal på NORAD-konseptet “Reisen tilbake”. Norad sende og eit team til fire land inkludert Nepal, som skulle evaluere effekten av norsk bistand frå frivillige organisasjonar. Då dei kom att, opplevde vi å få offentleg anerkjenning frå Norad, idet den nye direktøren frå talarstolen nemnde HimalPartner som eit døme på ein organisasjon som kunne syna til effekt av bistanden vi har ytt. Vi veit av den raske framveksten av kyrkja i Nepal at misjonsarbeidet sett under eitt har hatt mykje å seia for nepalarar.

Med den historia vi har og med den offentlege merksemd innsatsen har hatt, er det med audmykt vi går inn i arbeidet framover.

### **Situasjon i landet – politisk og for kristne**

Den politiske arena har vore prega av mykje uro og uvisse rundt utarbeiding av ny grunnlov. Frist for å leggja fram utkast til ny grunnlov har vorte utsett mange gonger utan at det politiske miljø har klart å samla seg. Det førte til ei rekkje generalstreikar fram til sommaren 2010. To saker har vore særleg vanskelege; å få meisla ut ei føderal statsforvaltning, og å integrera dei tidlegare maoistsoldatane i det sivile samfunn og i forsvar og politi. Det siste hadde ei positiv utvikling i andre del av 2011 under statsminister Baburam Bhattarai sitt styre.

Fredsavtalen mellom maoistar og dei andre politiske grupperingane har hatt liten synleg verknad til det positive for folk flest. Kongen er rett nok borte, men korrupsjon og manglande handlingsevne er like sterk som tidlegare, og folk flest har misst vona om snarleg positiv endring. Dette har ført til ei massiv arbeidsutvandring til Midtausten og søraust-Asia. Sterk auke i kriminaliteten, særleg på låglandet, har saman med stort underskot på elektrisitet ført til at mange større bedrifter har måtta redusera produksjonen eller i mange tilfelle leggja ned.

Vi har ingen direkte demokratiseringsprosjekt på gang, men indirekte er freds- og forsoningsarbeidet gjennom UMN del av samarbeidsprosessar mellom stridande grupper og gjev styrke til lokal-demokratiet. HimalPartners representantar har gjennom sine kontaktar i nettverk i Nepal, også reist spørsmål om menneskerettar vert ivaretekne i den nye Grunnlova.

**Den kristne Kyrkja** veks framleis sterkt i Nepal. Talet på kor mange kristne landet har, varierer ein god del, men fleire trur at det no er 1.5 mill. kristne. Kyrkja har stort fokus på vekst og står frimodig fram og profilerer seg i samfunnet. Nye forsamlingar vert stadig etablerte; somme p.g.a. naturleg kyrkjevekst, somme som resultat av person-konfliktar der ein ikkje finn ei anna løysing enn å skilje lag. Kristne fellesskap er prega av stor tru på at Gud grip konkret inn i kvardagen, og av å ta Guds ord bokstavig, utan problematisering rundt det ein ikkje forstår. Mange menneske kjem til tru på Kristus fordi dei har opplevd at Gud har gripe direkte inn i livet deira.

Kyrkja er framleis ung og mange stader svak i truslæra. Det er difor lett for svermeriske grupper å vinna innpass, kanskje særleg i avsidesliggjande strok med umodent leiarskap. Ein høyrer om utanlandske grupper som kjøper opp lojalitet i byte mot materielle gode.

Av store utfordringar kan nemnast det store udekka behovet for opplæring i tema som samlivsetikk, forsoning og konfliktløysing, kristent forvaltarskap, handtering av overgrepssaker, og sjelesorg. Her deltek HimalPartner både direkte og indirekte med opplæring overfor partnarane våre. Det er fleire større kyrkjelege samarbeidsorgan som tek opp saker av felles karakter; innspel til menneskerettar i ny grunnlov, felles høgtidsmarkeringar, opplæringsprogram, leiarskaps- og andre konferansar, felles bønneaksjonar for land og folk, sikring av areal til gravplassar for kristne osb. Somme meiner eit auka samarbeid på tvers av kyrkjelege grupperingar er ein av dei største utfordringane i dag.

### **Bemanning**

Vi har i gjennomsnitt hatt 7 utsendingar i Nepal i perioden. I tillegg har vi hatt volontørar på korttidsbasis. I løpet av perioden måtte Tore og Ragnhild Skeie dessverre søke permisjon av familiære årsaker. Tore jobbar som landdirektør i 20 % stilling med sete i Norheimsund. Eldrid har teke nokre av Tore sine oppgåver ute, som ein del oppfylgjingsoppgåver mot utsendingane og ikkje minst tilrettelegging for besøkjande frå Norge. I perioden har det vore gjennomsnittleg to konferansar i året for utsendingane.

### **Arbeidet**

Innsatsområda har vore helse, inkludert mental helse (sjelesorg, kvinner i risikosona, fred og forsoning og sjukehus) og undervisning (førskule, grunnskule og universitet).

Proessen med å etablere nære og direkte partnarship med lokale organisasjonar og føretak på strategiske område er forsterka. Det betyr at HimalPartner har ein nokså annleis rolle enn det som var tilfelle då vår innsats nesten utelukkande vart slusa gjennom United Mission to Nepal. Namnet HimalPartner er difor godt dekkande for vår rolle i Nepal i dag der partnarship er eit nøkkelord.

Dette inneber m.a. at vi inngår samarbeidsavtalar med kvar partnar om korleis partnarshipet skal fungera og kva forventningar som ligg i botnen frå begge sider. Hå fleire av partnarane våre er det nødvendig å bidra til administrativ kompetanseheving og langsiktig planlegging. Det er mange spanande prosessar på gang hå fleire av partnarane, og fleire er nyskapande på sine felt, både innan utdanning og kyrkjeliv.

*Prosjekta våre spenner vidt, og dekkjer for så vidt heile spekteret av det som er definert i Handlingsplan for 2010-2011:*

### **Helse med vekt på Mental helse:**

#### Fred og forsoning

HimalPartner støtter UMN sitt freds- og forsoningsarbeid i ulike distrikt i Nepal. Mange ber på innvendige sår etter den ti år lange borgarkrigen. I tillegg har mange mista ein forsørgjar. Hardast ramma av krigen og uroa i ettertid er kvinner, born og fattige.

Gjennom dialog og nettverksbygging, kurs, konferansar og kursing av lokale meklarar er vi med på eit veldig viktig og spanande arbeid for å fremja einskap og samarbeidsvilje i lokalsamfunn, på tvers av politiske og religiøse skiljelinjer. Det er fokus både på førebygging av nye konflikter og hjelp til forsoning og bearbeiding av traume.

Prosjektleiingar på lokalt plan er motiverte og har eit stort eigarskap til arbeidet sitt, og mange av medarbeidarane på grasrotnivå er ulønnte. UMN er opptatt av kvalitet framfor kvantitet og fokuserer på eigarskap i alle ledd av prosjektet.

### Bethesda sjelesorgsenter

